



# Årsmelding - Keipen Turlag 2018

Org. nr: 911830477

## Styret har i 2018 vore samansett slik:

Leiar : Kirsten Grotle  
Nestleiar : Svern Petter Kjerpeset  
Kasserar : Linda Stenseth  
Sekretær: : Sølvi Joensen  
Styremedlem : Steinar Isene  
Styremedlem : Per Arne Sæterlid  
Styremedlem : Gabriel Ossenkamp  
Styremedlem : Kari Songedal - Barnas Turlag  
Varamedlem : Espen Sortevik  
Varamedlem : Håvard Lofnes

## Barnas Turlag Indre:

Leiar : Stine Mari Solheim  
Styremedlem : Irene Naustdal  
Styremedlem : Andreas Øksnes

## Barnas Turlag Ytre:

Leiar : Kari Songedal  
Styremedlem : Wenche Johannessen  
Styremedlem : Alice Torvanger  
Styremedlem : Cato Edvardsen

## Barnas Turlag Davik/Ålfoten:

Leiar : Evy Dombestein  
Styremedlem : Mildrid - Annette Indredavik  
Styremedlem : Lieve Deckers  
Styremedlem : Frode Sunde

**Revisorar** : Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

**Valnemnd** : Magnhild Myklebust og Mattis Hamre

## Turleiarar:

Arne Lofteheim, Svelgen	turleiar 2010	
Inger Lise Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Kjell Morten Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Steinar Isene, Svelgen	turleiar 2011	
Rob Deckers, Davik	turleiar 2012	
Svenn Petter Kjerpeset, Svelgen	turleiar 2014	sommarturleiar 2015
Alice Torvanger, Bremanger	turleiar 2015	
Per Arne Sæterlid, Svelgen	turleiar 2016	
Mildrid-Annette Indredavik, Davik	turleiar 2016	
Jannike Brenden Frøyen, Kalvåg	turleiar 2017	

## Medlemmar:

### 68 Sogn og Fjordane Turlag

#### 6805 Keipen Turlag

	K	M	Total
Familie hoved	11	19	30
Hovedmedlem	46	31	77
Ungdom	2	3	5
Honnør	16	16	32
Livsvarig	0	1	1
Barn	15	5	20
Skoleungdom	3	2	5
Husstandsmedlem	14	15	29
Familie husstand	58	46	104
<b>Total</b>	165	138	303

Æresmedlem: Oddmund Leirvik

## Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 7 styremøte og handsama 46 saker. Møtelokale låner vi på Kolset Oppvekst. Det første møtet tok vi på Svelgen Hotell med servering av juletallerken.

Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, samarbeid med STIF og jubileum Moldahytta, samarbeid med Sfe ang utbetring av sti ved

Sørdalstrappa og uttak av ved til Knekkevasshytta, friluftsmoro i Berledalen, byggjing av gapahuk, samarbeid beredskap/kommune, politi og Røde Kors, fellesturar, fjelltrimmar.

Andre møter:

- Guleslettene Vindkraftpark; Kirsten, Svenn Petter og Per Arne (STIF)
- Møte mellom grunneigarar på Grotle, kultursjef, Vetenløpet og turlaget om hytta på Veten; leiar
- Årsmøte til SFT på Skei; Svenn Petter og Steinar
- Evalueringsmøte etter årets tursesong og planleggjing av fellesturar 2019; turleiarane og leiar
- Møte med STIF om 80-års - feiring av Moldahytta; Per Arne, Sissel Igland og Karstein Løvset frå KT
- Barnas Turlag har hatt 4 fellesmøte og leiar møtte på eitt av dei.
- Møte med kultursjef/Bremanger kommune om plassering av dagsturhytte på Veten; leiar
- Møte med politi, rådmann, kulturetat, beredskap og Røde Kors i etterkant av den tragiske ulukka i Hornelen; leiar
- Møte med Vetenløpet/BIL ang framtidig samarbeid om tilsyn/vedlikehald av dagsturhytte på Veten; leiar
- Møte med frivillighetskoordinator m.fl ang aktivitetsvenn; leiar

## Dugnad:

Styremøte og anna administrativt arbeid	630 t
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, stimerking,)	431 t
Turleiiing	342 t
Anna	373 t
<b>Sum dugnad</b>	<b>1776 t</b>

## Merking av stiar:

Gjegnen: Vidare arbeid med merking til Gjegnen må vente til vi har fått tilgang til å køyre anleggsvegen til Bjørndalsvatnet.

Vetvika: Det har ikkje vore arbeidd med denne i år.

Hornelen: Vi ventar på avtale med den siste grunneigaren. Bremanger kommune arbeider med saka. Det har vore sett opp «Ver-varsam»- skilt ved turstart Hunskår og Berleneset.

Sti til Sandsegga og Moldahytta. Her er det i privat regi merka med raude klossar og refleks.

Sfe har utbeta sti ved Sørdalstrappa; frå toppen av trappa og ned til gammal sti.

## Samarbeid:

Hornelen kystlag, grunneigarar i Berle og Svelgen jeger og fisk: Friluftsmoro i Berledalen

Grunneigarar i Myklebustdalen: Gapahukbyggjing Langevann

SFE: Knekkevasshytta og sti frå Sørdalstrappa

STIF og grunneigarane på Eikeland: Moldahytta

Ålfotbreen landskapsvernområde: Merking T- tur til Gjegnen (pause i arbeidet)

SFT: Utlån av randonee-ski til Ung-tur på Troda

Bremanger kommune/Fylkeskommunen: Dagsturhytte på Veten (rådgjeving), beredskap for å hindre ulukker

Økonomisk samarbeid: Vi har inngått avtale om 20 % rabatt på kjøp av klær og sko til ordinær pris. Ved Sports Måløy/Deknepollen.

### Fellesturar - 2018:

Dato :	Tur / Stad	Deltakarar		
		Born	Ungdom	Vaksne
16.12.2017	Nissemarsj	36	3	26
06.01.2018	Lommelykt tur	22	3	21
21.01.2018	KDU-vinter - Karlskarstova			66
04.03.2018	Trugetur til Gaubågsegga			1
08.04.2018	Open Dag Molda			15
08.04.2018	Nesje - Dosavarden - Skorsteinen - Fanneskarvarden - Ånnevik		3	5
08.04.2018	Troda		6	3
29.04.2018	Villabakken - Svelgsvatn - Sande	2		6
01.05.2018	Keipen			Avlyst
02.05.2018	Opptur 8.klasse - Knekkevasshytta		56	8
06.05.2018	Open dag Knekkevasshytta	5		20
13.05.2018	Gjegnen			29
21.05.2018	Hornelen			2
26.05 - 27.05	Friluftshelg Berldalen med overnatting	45		34
03.06.2018	Svelgen-Risesætra - Trollefjellet			2
11.06.2018	Skaravatnet	10		4
16.06.2018	Molda Opp - 80 års jubileum	30	20	110
17.06.2018	Vetvika			8
30.06. - 01.07	Solnedgang - soloppgang			11
02.07.2018	Hornelen			2
22.07.2018	Ramsdalsheia-Blånipa/Smylmedalsegga			1
05.08.2018	Tærdalskeipen		5	7
12.08.2018	Keipen			6
16.08 - 18.08	Kajakk-kurs		11	
19.08.2018	Ålftobreen			Avlyst
02.09.2018	KDU - Klatreparken	38		18
02.09.2018	KDU-Open Knekkevasshytta	4		20
02.09.2018	Plogen			Avlyst
23.09.2018	Rundtur frå Kalvåg via Steinset-Kjerringhalsen-Frøyadalen-Nigardsfjøsane - Kalvåg			1
30.09.2018	Davik-Klakegga-Troda-Davik			Avlyst
		273	114	426
	Samla tal: 813 personar			

## ÅRSMELDING BARNAS TURLAG KEIPEN 2018

2018 har vore eit år med noko mindre aktivitet enn vanleg. Dette kjem av at vi har mangla litt mannskap på leiarsida. Men vi har likevel arrangert 8 turar, der **Kom Deg Ut Vinter** har vore størst med heile 154 deltakarar. I anledning av 150 års jubileet til DNT vart dagen flytta fram til 21.01. Det vart då kollisjon med Skikarusellen, men i staden for å lage noko styr om kven som skulle arrangere, valde vi å samarbeide. Dette vart ein vinn-vinn-situasjon, der vi fekk god hjelp til praktisk tillaging på Karlsskardet, og dei fekk med mange ungar dei elles ikkje hadde fått med på både dette og seinare renn. Vi ønsker derfor å vidareføre dette samarbeidet.

**Friluftsmoro** i Berledalen er og blitt ein tradisjon. I år deltok 79 personer. Etter fjoråret gjorde vi grep i forhold til sikkerhet og vi synes det fungerte bra. Tusen takk til Oddmund og Tor som stilte sporty opp og hjalp oss med sikkerhet og ekspertise med landnotfiske.

**Kom Deg Ut Haust** vart som i fjor arrangert i Meistringsgården Klatrepark.

**Turbotrim:** Vi har òg arrangert Turbotrim. I år låg postene på Askevikja, Ivervatn, Vingevatnet, Skaravatnet, Førnipa og Aridalen. 13 kort er selde og 9 har fullført. Postane var lagt inn i SjeckUt og dette var noko ungane syntes var stas når dei kunne følgje stien på mobil.

Til neste år vert første prosjekt å kurse turleiarane våre i førstehjelp, og dei som ennå ikkje har aktivitetsleiar-kurs vil få tilbod om dette.

Totalt har 185 barn, 13 ungdom og 133 vaksne delteke på turane våre. Indre/Svelgen, Ytre og Davik/Ålfoten

### Aktivitet for ungdommen:

**SKITUR TIL TRODA:** Den 8. april organiserte Keipen Turlag ein skitur til Troda med Mattis Hamre, Mildrid-Annette Indredavik og Gabriel Ossenkamp og 7 deltakende ungdommer. Frå SFT fikk vi lånt randonee-ski til alle dem som ønsket å prøve det og det ble en tur opp i litt tåke og med ganske tung snø, noe som også gjorde nedfarten litt tyngre. Men det var åpenbart at mange hadde vært kjørt nedover før, så etter hvert var alle nede igjen, fornøyde med å ha vært på toppen.

**OPPTUR:** Å vere med på den nasjonale turdagen 2. mai, for ungdom, kan vere ein skikkeleg opptur. For ein flott ungdomsflokk frå heile kommuna vi hadde med på tur denne dagen.

Sjølv om dagen starta litt grå og med litt yr i lufta møttest vi på parkeringsplassen til avtalt tid. Elevar frå alle delar av kommunen skulle på tur i lag. Etter litt orientering og utdeling av Oldenvatn og buffar gjekk vi i lang, lang rekke opp trappa ved Sjørdalsdemninga. Sjølv om stien tidvis var litt våt og glatt, gjekk oppturen mot Knekkevasshytta fint. Stopp undervegs vart nytta til å dele kunnskap om det fantastiske landskapet vi flytta oss i og vi vil tru at mange gjekk klokare heim igjen både innan faget geologi og seinare industrihistoria som vi fekk presentert framme på hytta.

Turen oppover tok ein time og då var det godt å komme fram til ei oppvarma hytte. Sjeldan har så mange vore samla på ein gong i hytta; 56 elevar og 8 voksne fyllte stovene. Nistene vart fortærte og eit lite lotteri vart gjennomført. Jammen var det bursdagsjenta frå Svelgen som stakk av med hovudpremien; SFT sin BaseCamp på Værlandet..

Per Arne og Magne var som vanleg med for å dele sine kunnskapar med oss andre. Gode hjelparar i form av lærarar frå dei tre skulane Davik, Hauge og Svelgen Oppvekst er kjempeviktige å ha med på laget.

Støttespelarar innan egne rekker er alltid med og idag var det Mildrid-Annette og Else som stilte opp som frivillege.

**KAJAKKLEIR:** 16. - 18.8. hadde vi 11 ungdommer i alderen 11-16 år fra alle deler av kommunen med i den nesten ferdige gapahuken ved Langesjø Hyttegrend. Norway Adventures fra Davik stilte med to guider, og Lieve Devkers stilte som medhjelper. Alle barna fikk en kort introduksjon på land og gikk så på vannet, for flere av dem for første gangen alene i kajakk. Det gikk helt fint takket være de gode guidene. Været var veldig bløtt. Om ettermiddagen gikk vi i land og tørket oss, for å tilsammen lage mat i gapahuken og bli underholdt av Per Arne Sæterlid. En vindfull natt gav mye støy i presenninger spent opp for å holde regnet vekk, noe som gjorde ungdommene litt kalde og trøtte om morgenen. Det var kanskje noe bedre hos jentene som låg i lavvo et lite stykke unna.

Neste dag var vi på vannet hele dagen og det regnet fortsatt mye, men hva spiller det for rolle når man skal øve på å falle ut i vannet? Om kvelden var det igjen felles matlaging før vi kom ned i soveposene i regnet.

Siste dagen ble det en runde rundt hele vannet, før det var tid å avslutte og komme hjem og tørke opp. 11 fornøgte ungdommer fikk etter det i posten et velfortjent Våtkort Grunnkurs Hav, og vi satser på å få til flere kajakturer for å bygge videre på det vi lært.

Vi takker spesielt Coop Svelgen som sponsret all mat og Karstensen Fiskeoppdrett som gav oss laks.

**GAPAHUK:** Per Arne Sæterlid og Gabriel Ossenkamp har under sommeren og høsten bygget videre på gapahuken ved Langesjø Hyttegrend, hvis grunn ble lagt på høsten 2017. Gjennom flere runder med dugnad er den nå nesten ferdig, etter et tilbakeslag der en høststorm rev av taket og det måtte løftes på plass igjen, temmelig uskadd. Taket er nå festet til resten med masse stålbånd og lastet opp med torv for ekstra vekt. Det er en veldig trivelig plass, egnet både som mål for dagsturer og overnatting.

Takk til grunneier, Bremanger Kommune, alle som har hjulpet med å bygge og FriFond samt Sparebankstiftinga for midlende til dette!

### Fjelltrimmen:

Post:	Tal besøk:	Post:	Tal besøk:
Risevatnet 3,5 km	3094	Ivervatn	260
Risevatnet - Vasskaret	543	Knekkevasshytta	451
Moldahytta	2225	Jakthytta Ytrehus	488
Martinbu/Sandsegga	1245	Gulebrystet	328
Omvendeskaret	146	<b>Samla besøk:</b>	<b>8780</b>
		<b>Ein nedgang frå 10715 (2017)</b>	
<b>Klakegga</b>			<b>70</b>

### Turboktrimmen:

Vi brukte opp att turmåla frå første året og 49 leverte inn ferdigklippte kort til slutt.

Alle blir premierte. Lista over dei som har vore med i år og tidlegare år er vedlegg.

**Turorientering:** Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen turlag overtok i 2007. Turorienteringa i år har gått på disse plassene i år.

- Svelgen-Risesetra
- Vestrebotn-mot Toppen via «speiderhytta»
- Sjørdalstrappa-Ivervatn
- Nesbø-Omvendeskaret

Turen til Omvendeskaret vart litt amputert pga anleggsvirksomhet.

Det er også i år deltakere som får ein utmerkelse i antall fullførte turer:

Bronse plankett (5 år) : Martin Nybø og Liv Nybø

Sølv plankett (10 år) : Baron Tiko (hund)

Spesial plankett (20 år) : Jahn Vegard Frimannslund.

Her har eg lagt til deltagere som har levert inn klippekort for sesongen 2018. Det er 23 stk men to som har levert 2stk klippekort kvar. 39 har kjøpt men 23 som har levert inn. Her er det berre deltakere over 8 år,ingen under. Dette er det laveste deltakinga på mange år. Starter på ny frisk til våren igjen. Deltakarlista er vedlegg.

### **Vintertrim 2017/2018:**

Vintertrimkort vart selde på 4 matvareforretningar i Svelgen, Davik, Bremanger, Kalvåg. Det ble solgt 70 kort og innlevert 50.

Det var mykje snø denne vinteren, dette ga utfordringar for mange som prøvde seg på klipp nr.9 Toppen, mot slutten av tidsfristen 1. mai. Det ble av den grunn bestemt å forlenge fristen på denne toppen med 14 dagar. Vi har tatt utgangspunkt i turboken og funnet 1 besøkssted i kvar sone. Dei aller fleste turmåla lå langs veg, med forholdsvis kort gang og få høgdemeter.

Tilbakemeldingar frå turgåarar vi har vore i kontakt med er svært positive, det var mykje ros for publiseringa av alle turmål på facebook-sida. Der la vi ut: kart, bilete av startpunkt, bilte av turmål og skreiv litt om lengde. Premie for vintertrimmen 2017/18 er «Keipen Turlag - Buff»

**DNT SjekkUt:** DNT sin turapp. Vi har registrert mange turmål i vårt område og dei er samla i 12 grupper som du må melde deg på for å kunne registrere deg digitalt. Årets turboktrim er gruppa med høgast påmelding , men fjelltrimmen i Kalvåg har høgast registrering i år.

### **Hytter:**

**Knekkevasshytta;** eigd av Svelgen Kraft AS/Sfe og drifta av KT. Hytta er DNT ubetjent hytte, DNT - lås og besøksprotokoll. 12 senger. Opa hytte i mai og september og mål for Opptur/ 8. klassingane i mai. Det er registrert 54 overnattingar. I år har det vore teke ut ein del ved, ettersyn og klesvask i forhold til nye og meir brukte soverom. Diverre har vi ikkje fått på plass ny gasskomfyr og solcelle. Tilsyn: Steinar Isene

**Martinbu;** Den godt besøkt dagsturhytta/rastebu til KT på Sandsegga. I år var den eit av turmåla til turboktrimmen. Liv Sigdestad Brekke har tilsyn med hytta og pyntar gjennom året.

**Moldahytta;** eigd av STIF og drifta av KT. 4 overnattingar i samband med jubileet. Hytta fekk hengekøye i gåve frå Stif. Døra inn til gangen er open og der finn vi dei ulike turbøkene. Det er ordna med fleire nøklar til innvendig dør i hytta. Nødvendig ettersyn og m.a. rensking av brønn er utført av tilsyn Karstein Løvset.

**Vertskap på hyttene:** Sissel Igland, Johanna Rippe Midttun, Anne Karin Vårdal, Audhild Vistnes, Jorunn Styve, Liv Sigdestad Brekke og Kirsten Grotle. Vertskapet har hjulpet til med Opptur og arrangert ope hus på Moldahytta og Knekkevasshytta. Ved 80-årsjubileet på Moldahytta sytte dei for heimelaga rømebraut og festkaker til alle besøkande.

### **Presse:**

Vi har vore omtalt i Firda, Firdaposten og Fjordenes Tidende i samband med fellesturane våre, arrangement i BT og Kajakk-kurset. I samband med Hornelen – ulukka var vi omtala i NRK og på nrk.no. Elles er turistinformasjonen flinke til å minne om aktivitetane våre.

**Heimeside:** [keipen.dnt.no](http://keipen.dnt.no) – drifta av Kirsten Grotle

### **Kommunikasjon:**

Heimeside: [keipen.dnt.no](http://keipen.dnt.no)

E - post: [keipenturlag@gmail.com](mailto:keipenturlag@gmail.com)

Facebook; Barnas Turlag, Turboktrimmen, Vintertrimmen og Keipen Turlag